



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1980

Namnet på vatnet Øyplilvatnet og
Øyimevatnet
Kommune Suldal

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

NYSTØLVATNET

Fiskeanalysen vart foreteken den 3. oktober 1980.

Vatnet ligg i Suldal kommune, nærare stadfest i Stranddalen, nord for Stranddalsvatnet.

Arealet er omlag 7 ha. og h.o.h. 738 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn.

Stranda består for det meste av stein og fjell.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen er frodig frå strandkanten og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet består av mykje snaufjell, men og med jordsmonn og spreid bjørkeskog innimellom.

Hovudtilsaget fell inn i sør og kjem frå ei rekkja vatn der Stranddalsvatnet er det største.

Avlaupet renn ut i nord til Kvilldalselva.

Dei kjemiske tilhøva.

Surheita pH vart under prøvefisket målt til 6.6 som må seiast å vera mykje bra for aure.

Innhaldet av kalk (Ca/l) er målt til 3.25 og den totale hardheita (CaO/l) til 3.50 mg/l.

Elektrisk leiingsemne uS/cm er målt til 18.1.

Gjennomstrøyminga er relativt stor.

Mageprøver.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 4 fiskar. Her vart det funne fjærmygglarver, vårflugelarver, vasskalvlarver, ertemusling, tovinger og div. luftinsekter.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontalttrekk på ca. 50 m, med planktonhov, og resultatet må karakteriserast som ein noko fattig prøve.

Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 4 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 31 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara, og vidare på cm-klassar, vil dette grafisk framsynt sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle fiskane og av desse var 12 røde, 12 lyse-røde og 7 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var det 23 gjeldfisk og 8 gytedefisk.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

12 av fiskane var hanfiskar - 19 hofiskar.


Medelvekta av prøvefiskane var 134 gram.

Ser vi på medellengda, og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane, vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter							
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år	8år
Medellengde i cm	4.7	9.3	13.9	18.4	21.4	24.2	25.9	26.1
Årleg lengdetilv. i cm	4.7	4.6	4.6	4.5	3.0	2.8	1.7	0.2
Antall fiskar	31	31	31	30	21	14	7	2

Medel kondisjonsfaktor = 0.90 tilseier noko mager, langstrakt fisk.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Nystølvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år).



Som vi vil sjå av vekstkurven, så syner denne bortimot normal lengdetilvekst dei 2-3 første leveåra, men etter denne tid går det noko nedover.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og med eit fiskebestand som er noko i overkant av vatnet si bæreemne. Tilhøva elles ligg vel til rette for fiskeproduksjon.

Dei kjemiske tilhøva må seiast å vera gode og ein pH på 6.6 er langt frå det vanlege i fjellvatn i dag.

Mageprovane syner næringsdyr av ymse slag, sjølv om planktonprøven var noko fattig.

Omfarfordelinga syner det er småfisken som dominerar og bortimot 60 % av fangsten vart token på det eine småmaska garnet av omf. 30. Kondisjonsfaktor og vekstkurve er ikkje fullt så gode som ynskjeleg. Sjøkjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringsdyrproduksjon, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn.

Det er herfrå at vatna får tilsiga sine, og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil ha innverknad på vatnet - enten til godt eller vondt. Nedslagsfeltet for Nystølvatnet er stort og vekslende. Her er snaumark myr og høgfjell. Men bergartene i undergrunnen må på sine stader vera lett oppløyselige og noko kalkholdige. Det er det som er grunnen til at nedbøren blir nøytralisert og vi får ein god pH for fisken. Gytetilhøva er gode i fleire av tilsigsbekkene og vil normalt kunne sikre ei tilfredstillande rekruttering.

Praktiske tiltak.

Grunneigarane til heile vassdraget må gå saman å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Når grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske, medan grunneigarane sjølv har ein retten til garnfiske. Nystølvatnet byr på matnyttig fisk, så det var sikkert mange som ville prøve fiskestanga si her. Fiskebestanden er i dag noko i overkant av vatnet si bæreemne, slik at ein ville få større fisk og betre kvalitet, ved å drive ei noko hardare utfisking enn det som har vorte gjort i seinare år. Dette kan gjerast ved hjelp av garn av

hevande maskestorleik.

Vatnet er lite og oversikteleg, og fiskebestandet lett å halda under kontroll. Ved hjelp av garnfiske kan ein såleis føre fiskebestandet til det stadie ein sjølv ynskjer.

Andre tiltak skulle førebels ikkje vera naudsynte. Som tidlegare nemnt ligg tilhøva godt til rette for fiskeproduksjon. Dei som steller med vatnet må fylgja med år for år og sjå om det skjer endringar m.o.t. fiskestorleik, kvalitet o.l.

Etter 5-6 år bør det takast eit nytt prøvafiske.

Stavanger 21. april 1981

Einar Berg